



FORMIDLINGSKOMPETANSE
I FOLKEBIBLIOTEK



Kulturfondstafetten

BOKLISTE 2021

LITTERATUR UTSENDT I FEBRUAR OG MARS 2022

ROMANAR

Havets kirkegård
Som hunder om natten
Det stemmer ikke
Øyeblikk for evigheten
Mitt Abruzzo : Journal 29.1.
- 18.7. 2021
Blomsten og trollet
Ingen gjenboere
Vi kom fra Liverpool
Svalbardnotatene
Der det gror skierri
Hun reiste alene
Ingen tårer i Moskogaisa
Ingeborg
Vridd
Faserland
Eurotrash
Småting som dette
Et dødsfall i familien
Eufori
Min dag i det andre landet
Kveldens ubehag

KRIM

Galgens bok

SAKPROSA
En form for rom
Journalisten og morderen
Fortegnelse over det tapte
Parterapi - for oljefolk og klimaaktivister
Brummenæs & Torgersen.
Verdens første kvinnelige skipsredere
Entusiasme og raseri.
Artiklar om fotball
Arbeiderpartiet og 22. juli
Etter pandemien
Dagbøker i utvalg (1964 - 2008)
Rapportar frå randsonane
Det store klimasøksmålet
Pandemiarkivene
Tillitsmannen Martin Kolberg
Einars bok
Samtykket

LYRIKK

Rød selvbiografi
Til rette vedkomande
Fragment
Antígona González
Romerske dikt
Å jage ein hjort i døden
Ute, langt der ute

NOVELLER


Der hunden ligger begravd
Skygger
Hunter i Huskvarna
Kvinnedagen

BILDEBOK



Vertshuset
Bibelen i tekst og bilder

TEIKNESERIE

Bare vent. Babybobla illustrert



ROMANAR



Havets kirkegård

ASLAK NORE

«Stillaste vatn har djupast grunn» Ordtaket passar som karakteristikk på Vera Lind. Ho har bore på ein stor løyndom i 75 år. Børa har vore tung å bere. Vera tar til slutt sitt eige liv. Attende sit sonen hennar Olav og barnebarna Sasha og Sverre.

Sasha prøver å nøste opp i farmora si historie. Kan sjølvdrapet ha noko å gjere med forliset på hurtigruteskipet D/S Ragnhild utanfor Bodø i 1940? Farmor og far overlevde forliset. Farfar overlevde ikkje.

Gjer deg klar – 485 sider
kjem til å gå fort unna!

Som hunder om natten

BRITT KARIN LARSEN

En "skadeskutt" kvinnelig forfatter takker ja til å skrive en kjent helsepolitikers biografi.

Under arbeidet med boken bor hun i gjestehytten på familiens landsted og blir inkludert i deres liv så mye hun ønsker selv.

Vennligheten og vellykketheten hun møter står i sterk kontrast til egne smertefulle tap i livet, og hennes negative møter med helsevesenet.

Dette bringer fram et raseri over politikerens falskhet og urettferdigheten i samfunnet.

Da det går fram at forfattaren har gitt seg selv et oppdrag, et løfte hun må holde, aner vi at noe dramatisk kan komme til å hende.

Det stemmer ikke

EIVIND GRIP FJÆR

Korleis leve med ein kreftdiagnose? Den namnlause unge hovudpersonen blir sjuk og får eit avbrot i karrieren ved universitetet.

I arbeidet er han van med å finne samanhengar mellom årsaker og verknadar. No manglar han svar, og framtida er usikker.

Hovudpersonen oppdagar sprekker i sjølvbildet når han reflekterer rundt livet, fortida og forholdet til kjærasten Marianne.

Boka kan passe for dei som liker å lese til dømes Dag Solstad, og han blir nemnd som ei inspirasjonskjelde.



Øyeblikk for evigheten

KJERSTI ANFINNSEN

Dette er en frittstående fortsettelse av De siste kjærtegn fra 2019. Kvinnen vi følger er fortsatt Birgitte Solheim, en pensjonert lege, nå 90 år gammel. Javier heter mannen, en pensjonert arkitekt.

Vi følger disse to, fra Birgitte sin synsvinkel, og boken handler om å bli gammel, om å miste folk rundt seg, og om å miste seg selv.

Likevel er ikke denne boken bare trist. Birgitte er en klok dame som kommer med små og store betrakninger om livet, og Birgitte sin kjærlighet til Javier vises mange steder i boken.

Det poetiske språket og de korte kapitlene gir romanen et lyrisk preg, og denne lille romanen rommer mye.

Mitt Abruzzo : Journal 29.1. - 18.7. 2021

PER PETTERSON

Dagboktekstar under korona. Forfattaren fortel utførleg om livet i løpet av eit halvt år på garden, med husdyr og praktiske gjeremål.

Samtidig er det ei forteljing om eit diktarliv og referansar til andre forfattarar. Samfunnet er lukka under pandemien, og det er tid til å reflektere rundt livet med sambuaren og den plassen ein sjølv tek.

I bakgrunnen ligg historier om familie som er borte og vennskapet med den eine broren han har igjen.

Boka passar for dei som liker biografiar og gjerne har lese romanar av Per Petterson





Blomsten og trollet

MARIAM RASOULI

I et krigsherjet Afghanistan vokser unge Fatima opp i en familie der kvinner ikke har rettigheter og vold er mer regelen enn unntaket. 13 år gammel blir hun tvangsgiftet til en langt eldre mann.

Etter utallige aborter, grunnet mishandling, føder hun til slutt en sønn. Livet hennes går helt i svart da sønnen blir fratatt henne og hun blir sendt tilbake til familien sin.

I romanen følger vi hennes lange flukt og ankomst til Norge, og får innblikk i hvor vanskelig det kan være å skape et nytt liv når en bærer på mye smerte og sorg.



Ingen gjenboere


RUNA FJELLANGER

Romanen handler om 35-år gamle Sara som er singel, og som tenker at hun vet mer enn sine venninner om menn.

Når Jonathan kommer inn i bildet, mister Sara kontrollen hun liker å ha. Hun tar seg i å vente på meldinger fra ham, noe hun aldri ville gjort før. De treffer hverandre oftere og oftere, men det varer ikke.

I siste del av boken hopper vi fram i tid, og skjønner at Sara og Jonathan har funnet tilbake til hverandre igjen.

Romanen handler om kjærlighet, begjær og kontroll, og passer for leserne som liker forfattere som Marie Aubert og Heidi Furre.



Vi kom fra Liverpool

THOMAS MARCO BLATT

«På murveggen i enden av September Road hadde noen malt en hvit svane og skrevet: Si at vi kom fra Liverpool»

Setninga finn vi på side 141 i romanen. Dessverre gir den oss eit hint om at vi nå, mot slutten av forteljinga, går frå vondt til verre.

Vi kom frå Liverpool handlar om fotballentusiasme på 1980-talet, om arbeidarklasse, om samhald, om draumar og om framtidshåp. Samtidig viser den oss kor fort livet kan endre seg - i verste fall ta slutt.



Svalbardnotatene

BENEDICTE MEYER KRONEBERG

Boka starter med at kunstneren Birgitte takker ja til et opphold på Svalbard for å lage kunst til en utstilling. Birgitte er motvillig til å dra – i barndommen tilbrakte hun et år på Svalbard, som har satt spor i henne resten av livet.

Svalbardnotater er en vakker roman om familieforhold, mødre og døtre, og den vanskelige kommunikasjonen. Fortid, hukommelse og minner er viktige tema som utforskes gjennom Birgittes møte med Svalbard, øya som gjennom vakre landskapsskildringer blir en egen karakter i boka.

Handlingen hopper i tid og fokuserer på det familiære og hverdagslige. Det usagte er viktig i Svalbardnotater og krever av både Birgitte og leseren å lese mellom linjene.

Der det gror skierri

IRENE LARSEN

Isak blir Yrja sin elskar. Dei må møtast i skjul, han er gift med Marit. Stevnemøta finn stad i fjellet – i trafokiosken eller i det gule tomannsteltet Isak tar med.

Kva er eigentleg greia med Ylva? Ho er rastlaus, grenselaus og ekstremt opptatt av reiseskildringa til italienaren som forliste med mannskapet sitt på ei øy utanfor Røst i Lofoten i 1432.

Når forholdet mellom Yrja og Isak blir oppdaga, bestemmer ho seg for å ta turen (ut) til Røst.

Skal du vere nokre dagar i Bodø, spør sidemannen på flyet?
Meir skal det ikkje til før Yrja legg nye planar.



ROMANAR



Hun reiste alene

MARI ANN AUGESTAD SANDSTAD

Anna oppfyller sin store draum. Ho reiser til Amerika. Åleine. Berre 16 år gammal går ho om bord i Oslofjord - klar for nye opplevingar og nytt tilvære.

Ikkje alt går som planlagt. Snart er ho heime i moderlandet att, for godt.

På sine gamle dagar skriv Anna om livet sitt i ei notatbok ho har fått av barnebarnet Rakel. «Skrevet slik det er husket, og husket slik det er følt».

Me forstår at Anna har bore på hemmelegheiter – hemmelegheiter som på mange måtar har ført til at ho har vore på ei reis åleine gjennom mykje av vaksenlivet også.

Av same forfattar: Tre kvinner (2018).



Ingen tårer i Moskogaisa


ODD MAREKATT SIVERTSEN

Samisk-finske Enok kjem som liten gut bort frå mora si på markedet i Skibotn. Han blir tatt inn av eit fattig, barnlaust par.

Samstundes veks det fram eit gruvesamfunn i Birztavarre, og me får følga både Enok og samfunnet kring han si utvikling for litt over hundre år sidan.

Det er lite som er skrive om gruvesamfunna på denne tida, så her kan ein læra meir om korleis det kan ha vore. Skrivestilen er roleg, men samstundes drivande.

Boka anbefalast til dei som vil lesa ei historisk roman sett i ei litt annleis ramme enn vanleg.




Ingeborg

BÅRD NANNESTAD

Den gamle mannen er enkemann og einsam. Einaste selskapet hans er heimhjelpa, den unge jenta, som kjem to gonger i veka. Nå vil han testamentere alt han eig til ho. Først og fremst for at ho skal få eit enklare tilvære, men også for at Ingeborg og han skal bli hugsa – «i alle fall av ett menneske».

Mykje av tida til den gamle mannen går med til refleksjonar over levd liv. Me forstår at oppveksten hans har vore utfordrande, og at ekteskapet med Ingeborg ikkje var nokon dans på roser.

Kunne livet ha tatt ei anna retning om han hadde tenkt meir på seg sjølv og mindre på alle andre i yngre år?



Vridd


REIDUN ELISE FOLDØY

Foldøy kastar oss på elegant vis inn i romanen idet Hjørdis vert fødd, sett frå fosteret sin synsvinkel. Eit spanande grep.

Hjørdis har klumpfot, me fylgjer mor og barn i møte med lækjarar, feiloperasjoner, daglegliv og skulegang. På 70-talet er omsynet til barnet sitt beste ikkje tema.

Enkelt og usentimentalt får me og høyra om livet som åleinemor utan at det på noko punkt tek fokuset bort frå Hjørdis.

Romanen vil fengja mange, gjerne dei som likar forteling med sterke skjebnar. Tempoet har fint driv, men ikkje forhasta.



Faserland

CHRISTIAN KRACHT

Sveitsiske Christian Krahts Faserland er en moderne kultklassiker, en postmoderne lek med historie og fiksjon.

En navnløs jeg-forteller vandrer omkring i et Europa der både høyre- og venstresidens ideologier tilsynelatende går til grunne, både i samfunnet som helhet og fortellerens personlige krets.

Romanen følger den unge, dekadente og desillusjonerte fortelleren på en reise som starter i Sylt og ender opp i Zürich.

Den illusjonsløse odysséen er full av seksuelle møter, alkohol og narkotika. Utiskeielsene skaper ikke glede eller tilfredsstillelse, men uttrykker heller håpløsheten i fortelleren selv, og en hel generasjon.



Eurotrash

CHRISTIAN KRACHT

Eurotrash er oppfølgeren til kultklassikeren Faserland.

25 år senere legger den samme jeg-fortelleren ut på en ny reise, nå gjennom Sveits med sin eldre mor. Reisen blir utgangspunktet for fortellerens reise inn i sitt eget sinn, og for refleksjoner rundt familierelasjonen.

Stilen preges av fortellerens tragikomiske humor, men denne gangen er stemmen enda mer introspektiv og eksistensiell. Familiens historie krysser historien til landet mor og sønn reiser gjennom.

Kritikere tilegner ofte jeg-fortellerens perspektiv til Christian Kracht selv. Romanen er sylskarp og stilskikker, men denne gangen er det personlig for fortelleren – eller for Kracht?



Småting som dette

CLAIRE KEEGANS

Irske Bill Furlong bur i byen New Ross saman med kone og fem døtre. Han arbeider som kullhandlar. Like før jul blir han vitne til hendingar som snur opp ned på synet han til nå har hatt på heimstaden sin og innbyggjarane der. Bill oppdagar nemleg at fleire av dei han held seg med snur ryggen til urett.

Kjem han til å gjere det same?

I løpet av nokre timar oppunder jul må Bill finne svar på akkurat det. Han veit kva han bør gjere, men kva vil konsekvensane bli for familien hans?

Claire Keegan har fått mange prisar for bøkene sine. I juni kjem boka hennar Tre lys ut på norsk.

Et dødsfall i familien


JAMES AGEES


Romanen tar oss med til Knoxville i Tennessee nokre sommardagar i 1915. Der ventar seks år gamle Rufus på pappa som skal komme heim før sengetid. Når pappa kjem skal han få sjå den nye lua Rufus har fått.

Pappa kjem ikkje heim. Han døyr i ei bilulykke.

Forfattaren lar oss ta del i Rufus si sorg, i saknet som oppstår, og i uthyggheita familiemedlemane kjenner på i etterkant av dødsulykka.

Dette er ein sjølvbiografisk roman, utgitt i 1957, tre år etter at forfattaren døydde. I 1958 fekk romanen Publizer Prize. Det er første gong romanen blir gitt ut på norsk.





Eufori

ELIN CULLHED

Hvem var egentlig Sylvia Plath? Stormfull dikterinne, bedratt kone, oppfrende mor.

Forestillingene om forfatteren Sylvia Plath er mange, og i den svenske forfatteren Elin Cullheds roman om den siste tiden i livet hennes, er det en sammensatt og fascinerende karakter som trer frem.

Eufori kan trygt anbefales til dem som liker virkelighetsfiksjon a la Vigdis Hjorth og Sandra Lillebø, eller som lot seg fascinere av Hilde Susan Jægtnes' Alexander Hamilton i romanen Jeg grunnla de forente stater.

Også lesere av historiske romaner kan godt få Eufori i hendene, men de bør være klar over at språket og handlingsforløpet er komplekst.



Min dag i det andre landet

PETER HANDKE

Me møter fruktdyrkaren som vandrar, funderer og fabulerar. Teksten er flyktig, fylt av konfrontasjonar og motsetnader som er vanskelege å gripe.

Handke tek lesaren med på ei kolossal reise på eit vis som nærast gjer fysisk vondt.

Når hovudpersonen i andre del av boka vert rodd over sjøen opplever me at natur og stemning roar seg. Hovudpersonen vert mildare stemt og går mot ei forsoning, og lesaren vil finna ro i teksten.

Romanen er for den som vil utfordrast, som vil lesa noko heilt annleis. Her lyt ein bruca mykje tid på ei veldig kort forteljing.



Kveldens ubehag


MARIEKE LUCAS RIJNEVELD

I Kveldens ubehag møter vi en strengt religiøs bondefamilie som opplever at et av barna dør i en ulykke. Familien kan ikke håndtere sorgen, og Matthies uenelige fravær ødelegger sakte, men sikkert de gjenlevende.

Med datterens Jas sin unge stemme blir tema som religion, døden, selvmord, dyremishandling, og en gryende seksualitet beskrevet med ord og assosiasjoner, ofte til det kroppslike og til mat, som vekker uro og ubehag hos leseren.

Boka er mørk og krevende, der den langsomt kretser mot noe uunngåelig og tragisk. Språket er kompakt, men også med svart humor og uventede assosiasjoner.

Dette er en prisvinnende debutroman fra Nederland.



KRIM



Galgens bok

THOMAS ENGER

Adam tar seg inn i ein leilegheit i Oslo og finn ein død mann og ei hardt skadd kvinne. Begge er skotne. I gangen sit ei vitskremd jente.


Kva har skjedd? Kva gjorde Adam i leiligheten, og kva skjedde med faren til den skadde kvinnen?

Dette er nokre av spørsmåla etterforskar Hedda Fisk må finne svara på. Hendingar i fortid er vevd saman med notid, og etter kvart fell alle brikkene på plass.

Dette er ei bok for den litt erfarte krimlesaren, gjerne medan hen ventar på bøkene til Jørn Lier Horst eller Unni Lindell.



SAKPROSA



En form for rom

GEORGES PEREC

En form for rom er en samling eksperimentelle og hybride essays, som utforsker temaer som rom, bosteder, geografi og reiser.

Forfatteren blander inn minner og anekdoter, lister og opprampsinger, gåter og fragmenter, og mye selvbiografisk stoff. Alt blandes sammen til en sjangerverskridende og assosiativ helhet.

Tematisk spenner det seg fra det små til det store – fra leiligheten der forfatteren bor, senga han sover i, til og med arket han skriver på (som også er et slags rom) – til storbyen Paris, landet og kontinentet, planeten og verdensrommet. Perec skriver om bygninger og bygårder der han har bodd, og om de merkelige naboenene han har hatt.

Dette er en bok som lar oss tenke nytt omkring vårt eget forhold til de stedene der vi selv bor og lever våre liv.




Journalisten og morderen

JANET MALCOLM

Krim fra virkeligheten er en populær sakprosasjanger. Som oftest er man mest interessert i temaet for bøkene, og tenker ikke så mye over at bak i kulissene står en forfatter. Originalt publisert i 1990 tar Janet Malcolm opp temaet i Journalisten og morderen.

Utgangspunktet er en reell rettssak fra 80-tallet der drapsdømte MacDonald anklager forfatteren McGinness for løgn og manipulasjon. Boka viser det innvikla forholdet mellom intervjuobjekt og forfatter, og det moralske dilemmaet forfattere står i når de utleverer andre og spesielt om hvor grensen går for å manipulere og utnytte andre i egen interesse.

Språket er akademisk og skarpt, og boka er kort, men likevel litt gjentakande.



Fortegnelse over det tapte

JUDITH SCHALANSKY

Historiegransking i eit litterært språk. Boka har 12 forteljingar og er omsett frå tysk.

Tekstane tek utgangspunkt i konkrete situasjonar frå ulike tider, og forma varierer frå det essayistisk fabulerande til novellepreg.

Innhaldet spenner frå skildring av ei øy i Stillehavet som forsvinn i havet, til at vi ser New York gjennom auga til skodespelaren Greta Garbo. Språket er ofte rikt på detaljar og komplekst.

Boka kan passe for dei som liker finurlege historier formidla på ein filosofisk måte. Eit alternativ er «Samtidsruinar» av Marit Eikemo.



Parterapi. For oljefolk og klimaaktivister

MAGNUS E. MARSDAL

Usemje mellom to mot-polar i klimadebatten - ein ung, kvinneleg miljøaktivist og ein eldre, mannleg oljearbeidar, er utgangspunkt for boka.

Gjennom samtalar blir både dei og lesarane litt klokare, med tanke på korleis vi saman skal oppnå grønt skifte i Noreg.

Marsdal viser til rikeleg med kjeldemateriale for det han skriv, og verkar truverdig og balansert. Han hentar fram gode poeng både hos oljearbeidaren og miljøaktivisten, og vel ikkje side. I staden peikar han på dei større samfunnstrukturane som bremser utviklinga av nye, klimavenlege løysingar.

Boka er eit godt innspel i klimadebatten, og kan passe for aktivistar og vanlege folk i begge leire.




Brummenæs & Torgersen. Verdens første kvin- nelige skipsredere.

ARNE VESTBØ

I 1909 kjøpte Hanna Brummenæs og Bertha Torgersen skipet «Goval» og vart med det Haugesunds, Europas og truleg verdas første kvinnelege reiarar.

Dei var ein del av Haugesunds andre gullalder og me får høyra om deira forteljing frå butikkeigarar og gjennom fleire tiår som respektable reiarar, og om Haugesunds utvikling på starten av 1900-talet.

Dei som vil leva seg meir inn i liva deira, og førestilla seg dei to som eit romantisk par, kan lesa romanen «Det hvite kartet» av Cecilie Enger, medan dei som vil vita meir om korleis det gjekk med Haugesund etterpå kan ha glede av «Byen som gikk i land: Haugesund bys historie etter 1950».



Entusiasme og raseri. Artiklar om fotball

NILS HENRIK SMITH

Artikkelsamling skrive over ein 10-årsperiode, dei fleste publiserte i fotballtidsskriftet Josimar. Innhaldet er både tidlaust og aktuelt. Forfattaren skriv ikkje berre om fotball, men om samfunna der fotball vert spelt, anten det er DDR, Albania eller Bryne.

Smith er sjølv frå Bryne og fortel mellom anna om miljøet som har fostra spelaren som vert rekna som ein av dei «hottaste» i fotballverda for tida, Erling Braut Haaland. Andre fotballfenomen som er via plass er for eksempel Erik «Myggen» Mykland og Diego Maradona. Boka er på nynorsk. Thrillaren «Rødt kort» av Kurt Aust kan vere eit alternativt lesetips.



Arbeiderpartiet og 22. juli

HALLVARD NOTAKER

Då bomba smalt og ungdommar skotne på Utøya vart heile landet slått ut.

Terroristen ville ramma Arbeiderpartiet, men det var kollegane og barna deira han sikta på.

Frå første stund fekk Arbeiderpartiet fleire komplekse og lite foreinlege roller. Korleis skal ein vera omsorgsorganisasjon for AUF, ønska å slå tilbake mot terroristen sine haldningar og samstundes oppretthalda ein bodskap om kjærleik og samhald?

Me får følga kva som skjede i kulissane sjølve dagen, men òg dei mange og lange dagane etterpå.



Etter pandemien

LINN STALSBERG

Linn Stalberg har skrevet en liten bok om politikk, pandemi og livet når samfunnet skal «vende tilbake til normalen».

Hvilken normal skal vi velge? Teksten er ikke en oversikt over politisk filosofi og heller ikke en analyse av pandemienas årsaker og effekter. Det er en klar og konkret politisk tekst om nyliberalisme. Den peker på disse politiske og økonomiske ideologiene som ikke bare rotårsaker til pandemien, men som samfunnsmessig og miljømessig destruktivt tankegods vi må bort fra.

Teksten er muntlig og lettlest, og full av lettforståelige hverdagseksempler, som ikke krever forkunnskap om politikk eller nyliberalisme fra leserens side.



Dagbøker i utvalg (1964 - 2008)

LIV KØLTZOW

«Endelig har tonen fra disse notatene krøpet inn i de litterære forsøkene mine.»

Romanene til Liv Køltzow er en viktig del av samtidslitteraturen. I disse dagbøkene, som starter når Køltzow er 19 år gammel, skriver hun om litteraturen, livet, ekteskap, morskap, vennskap, kvinnekamp og sykdom.

Dagbøkene er ikke bare interessante for leser av Køltzows romaner, men også for dem som vil lese om et levd liv, om problemer omkring kvinnernas stilling i samfunnet og om hvordan skrivearbeidet er uløselig knyttet til livet.



Rapportar frå randsonane

MARGUNN VIKINGSTAD

Ryggrada i boka er analysar av tekstar av sju etablerte samtidsskribantar: Sara Stridsberg, Geir Gulliksen, Anne Oterholm, Inger Bråtveit, Jan Roar Leikvoll, Helle Helle og Jon Fosse.

Det handlar om randsoner, mellomrom som blir påverka frå fleire sider. I naturen kan det vere området mellom hav og land. Døme på randsonene i boka er (ut)veksling mellom fridom og fellesskap, sorg og humor og røyndom og fantasi.

Boka kan passe for dei som er interesserte i samtidslitteratur og vil lese meir om tema i bøkene. Eit lesealternativ er «Språk og erfaring» av Karin Haugane.



Det store klimasøksmålet

MARIUS GULBRANSON NORDBY

Norske politikarar meiner sjølv at Norge er gode på klima, men er me eigentleg det?

Med utgangspunkt i klimasøksmålet i 2020 er forfattaren kort innom oljepolitikk, grunnloven, maktfordelinga og norsk klimapolitikk og bruker det som grunnlag for å forstå søksmåla og rettssakene og korleis den endelege dommen påverkar framtida.

Trass i at jus fort kan bli tørt, legg forfattaren det fram på ein interessant, informativ og kortfatta måte.

Boka anbefalast til dei som likte «Verden på vippespunktet» av Dag O. Hessen og andre faktabaserte tilnærmingar til klimakrisa.



Pandemiarkivene

ESSEN STUELAND

Koronakrisen, selv om den er mindre truende nå, har lært oss en del om vår egen sårbarhet – både den kroppslike og den sosioøkonomiske. Naturen kan på kort varsel endre våre liv for alltid. Men hva kan vi lære fra lignende katastrofer? Og hvordan kan litteraturen bidra til vår forståelse av plutselige kriser?

I «Pandemiarkivene» tar Espen Stueland et dypdykk i skjønnlitterære verker og ser på hvordan de fremstiller samfunn preget av pest og pandemi.

Resultatet er en fascinerende kulturhistorisk analyse av sykdommenes historie, kultur og individ. «Pandemiarkivene» gjør rett og slett tiden vi lever i litt mer forståelig.



Tillitsmannen Martin Kolberg

HEGE ULSTEIN

Har du undra deg over kva som har skjedd bak avisoverskriftene om Arbeiderpartiet?

Nokre svar finn du i denne boka om Martin Kolberg. Han har hatt ulike sentrale roller i AUF og Arbeiderpartiet dei siste 50 åra. Boka er skrive med god flyt og ein får lyst til å lesa vidare.

Du får høyra om Martin Kolberg og hans reise gjennom politikkens verd og om Arbeiderpartiet som prøver å finna ut kva rolle dei skal ha nå.

Du treng ikkje å ha kunningskap om verken Martin Kolberg eller Arbeiderpartiet for å lesa boka, men då bør du nok vera litt gjerne interessert i historie og samfunnet.



Einars bok

KATRINE SELE


Korleis ta vare på eit alvorleg sjukt barn? Korleis gå vidare i livet etter at barnet dør?

Når Einar som 2-åring får ein alvorleg diagnose, bestemmer foreldra hans seg for å komme sjukdomen i forkjøpet: Late Einar oppleve alt som høyrer ein god barndom til, på rekordtid. I den grad det er mogleg vil dei gje Einar eit heilt vanleg barneliv.

Einar dør fire og eit halvt år og ein dag gamal.

Carpe diem er ein setning frå eit latinsk dikt av Horatius. Korleis det å gripe dagen lar seg gjere, også i ekstremesituasjonar, kan me lære mykje om ved å lese om Einars bok.

Katrine Sele fekk Språkrådets språkpriis i 2021.



Samtykket

VANESSA SPRINGORA


Samtykket skapte stor furore da den kom ut i Frankrike. Etter utgivelsen kom et viktig oppgjør med den franske litterære verdens delaktighet i en seksuell kultur som muliggjør overgrep mot barn.

Springora skildrer forholdet med den berømte forfatteren G.M, som var nærmere 50 år da han møtte henne som 13-åring og initierte et forhold som varte i tre år.

Springora reflekterer rundt forelskelsen, men også maktmisbruk, og samfunnet som svikter henne; moren, det litterære miljøet og myndighetene lukker øynene for forfatterens overskridelser i møte med hans makt, og til slutt blir Vanessa redusert til en karakter i hans litterære univers.



LYRIKK



Rød selvbiografi

ANNE CARSON

Rød selvbiografi er ikke en vanlig diktsamling, men en roman i vers. Den tar utgangspunkt i den gamle greske myten om Geryon, et rødt monster som bodde på en øy, og som ble drept av helten Herakles.

Anne Carson tar utgangspunkt i de overleverte fragmentene av myten, for å fortelle en helt ny historie om en ung manns oppvekst og møte med den store kjærligheten. Som tenåring møter Geryon den litt eldre Herakles, og blir hodestups forelsket. Herakles derimot, forlater Geryon når forelskelsen er på sitt høyeste. Flere år senere møtes de tilfeldigvis igjen.

Dette er en bok om forelskelse og kjærlighetssorg, og det å finne sin identitet gjennom tenårene og tjueårene, og om å være skeiv og utenfor. Her blandes det dype og det morsomme, det melankolske og det lekne, det antikke og det moderne.



Til rette vedkomande


EINAR MÁR GUÐMUNDSSON

«Nei, eg visste ikkje at sola var ein ball/før du greip ho i lufta/og kasta til meg.»

Forfattaren sjonglerer med elementa og beveger seg i luftige svev mellom landjorda og himmelen. Diktsamlinga har tema som kjærleik og tid, og vi er med vinden, stjernene og skyene.

I fleire av tekstane er verda sett frå eit fugleperspektiv: «All makt til vengene/til fuglane som flyg omkring her,/flyg over bylgjene/og styrtar ned over draumane våre/og orda.»

Den islandske forfattaren er kjend for både dikt og romanar og har tidlegare mellom anna fått Nordisk råds litteraturpris.



Fragмент

SAPFO

Kan man få noe ut av å lese fragmenter fra et dikt skrevet rundt 600 år f.kr?

Sapfo var en gresk dikter og mye av hennes diktning har gått tapt, men det finnes noen fragmenter og noen lengre dikt.

I forordet til denne gendikningen fra gammelgresk gir Myren-Svelstad en interessant introduksjon til Sapfo sin lange og omfangsrike virkningshistorie.

Denne overleverte lyrikken gir en opplevelse av hvordan de evige temaene kjærlighet, seksualitet og død alltid har preget menneskene.

Og som Per Esben Myren-Svelstad påpeker i forordet “Alle litterære tekster er fortidige. Vi les dei etter at dei er skrevne.”




Antígona González

SARA URIBE

Tror du at poesien er verdensfjern? Da har du ikke lest Sara Uribe.

Den meksikanske poeten Sara Uribe skrev denne lille, kraftfulle boken for å sette søkelys på dem som er forsvunnet i krigen mellom narkokartellene og staten i Mexico. Uribe siterer direkte fra avisartikler om drap og forsvinninger i narkokrigen, og fra blogger, dikt og myter. Slik blir boken et kor av stemmer som vitner om de etterlates kamp for å få sørge over dem de har mistet.

Språket i boken er intenst, direkte og øyeåpnende. Den passer for dem som er interessert i nyere historie og verdenspolitikk. Den er enkelt tilgjengelig, og har et informativt forord som setter konteksten for dikten.



Romerske dikt


SULPICIA

Her får du servert romerske kjærighetsdikt fra en dikter født rundt 40 år før kristus.

I forordet til samlingen skriver Iris Aasen Brecke interessant om spekulasjonene rundt diktenes opphavsperson, og om hvordan denne sjangeren, kjærighetselegien står i et spenningsforhold til en streng seksualmoral.

Kjærighet og begjær er hovedtematikken i denne samlingen, og sammen med forord og fotnoter gir diktene et lite innblikk i antikkens Roma.

Romerske dikt er en del av Kanon-serien til Gyldendal, en serie for gjendiktning av antikkens litteratur.



Å jage ein hjort i døden


SVANHILD AMDAHL TELNES

*Tantene har lange øyre,
dei snor seg som skjulte
røter
under jorda, dukkar opp
stadar
ein kjenner seg trygg.*

En gruppe mennesker har søkt tilflukt på en isolert øy. De har dannet et primitivt, men strengt kontrollert samfunn, hvor alt som minner om fortiden er forbudt.

Når jeg-personens bror blir syk og trenger legehjelp, blir lojaliteten hennes til gruppen satt på prøve, og bilder fra fortiden begynner å trenge seg på.

Historien fortelles i små, kompakte inntrykk, med en murrende, truende undertone. Denne lille diktboen kan passe for fans av de dystopiske romanene til Margaret Atwood, som samtidig setter pris på lyrikkens presise konsentrasjon.



Ute, langt der ute

EDVARD HOEM

Eit utval dikt frå eit langt forfattarliv er samla mellom to permar.

Edvard Hoem skriv sanseleg om barndomsriket, og i det lange diktet «Årstidene» tek vi barnet sitt perspektiv på skiftingane i naturen og arbeidslivet i bygda, knytt til jordbruk og fiske.

Eitt dikt handlar om diktarvenen Kolbein Falkeid, og dottera, Unn Falkeid, har skrive eit etterord. Der nemner ho at lengt ut og dragning heim er to motstridande kjensler i Hoem sine tekstar. Han er oppteken både av det nære og det fjerne, og at vi ikkje må gløyme å arbeide for ei betre verd.

Fleire av dikta til Hoem er blitt tonesette.



NOVELLER



Der hunden ligger begravd

KJERSTI ANFINNSEN

I løpet av 9 noveller tar Kristin Hoffmann oss med inn i kvardagane til svært ulike menneske. Desse menneska har likevel ein ting felles: Dei bør endre kurs!

Det er ei knugande stemning i novellene. Som Steinar Sivertsen seier det i Stavanger Aftenblad 17. desember 2021: «... her fremstår livet som dystert, angstfylt, nærmest ikke til å holde ut...»

Etter å ha lese novellene, spør eg meg:
Kor godt kjenner eg eigentleg personane i nærmiljøet mitt? Naboen, arbeidskollegaen, dei eg møter på laurdagshandel i daglegvarebutikken. Og - kor godt kjenner desse personane eigentleg meg?

Kanskje er det fleire livsdrama rundt oss enn me likar å tenkje på?


Skygger

PETER SERCK


Ved lesing av novellene til Serck sit eg med ei kjensle av mørker, det ligg ein underleg tone og dirrar under overflata. Me møter mellom anna soldatar, innsette og biletkunstnarar, alle typar menneske er representert, og har me ikkje noko felles uansett status i livet?

Kvar forteljing er hogge ut som eit utsnitt i eit liv, me stuper inn i det, deltek for ei tid, og like brått er det over. Me sit att og lurar, kva no? Kor går det vidare? Mot liv eller død?

Ein leesar som trivst med raske djupdykk og plutselege stopp vil ha stor glede av denne boka.



NOVELLER



Hunter i Huskvarna

SARA STRIDSBERG

Boka består av 11 frittstående noveller. Tittelen kommer fra den første novella, om gutten Hunter fra småbyen Huskvarna. En dag forsvinner Hunter, og fortelleren blir stående igjen alene, ute av stand til å glemme barndomsvennen og fanget i en evig melankolsk lengsel tilbake til en forgangen tid.

Novellene spenner over vide tema og vi beveger oss mellom USA og Sverige. Felles for flere av novellene er en melankolsk stemning, en lengsel etter noe man ikke kan oppnå, og hendelser som grenser opp mot magisk realisme, det vulgære, komiske og tragiske.


Språket og beskrivelsene utmerker seg i denne novellesamlingen. Det er lekent og poetisk, men også komplekst og krevende.


Kvinnedagen

JÜRI KOLK


I løpet av 15 noveller tar forfattaren oss med til menneske som på ulikt vis pressar grenser. Det kan vere kvinna som på kvinnedagen slår ned ein kollega, det kan vere den godt vaksne mannen som ikkje vil ha anna enn barnemeny servert på stamkafeen sin, eller det kan vere 43-åringen som ikkje vil gi slepp på kosebamsen.

Kor trygt er fundamentet me står på, og kva skjer om me endrar kurs – ikkje berre som enkeltindivid, men som samfunn? Eg trur novellesamlinga er ei form for åtvaring mot akkurat det.





BILDEBOK/
TEIKNESERIE



Vertshuset

PER DYBVIK


Tittelen er det mest konkrete ved denne boka, bileta inni er stort sett abstrakte. Teknikken veksler mellom strekteikning, pastell og malte biletet - fargane er duse i brunt, grått, raud-brunt og gult.

I mange av bileta anar ein vertshuset – gjester ved ein bardisk med drikkebeger i hendene, eit hus i eit landskap, groteske figurer og dyreliknande skikkelsjer.

Ein får assosiasjonar til ei draumelik, utflytande verd, vagt uhyggeleg.

Forfattaren er biletkunstnar og illustratør, dette er den fjerde biletboka han har gitt ut for vaksne, og den første utan tekst.

Boka passer for leesarar som likar bøker som bryt med det ein forventar av ei bok.



Bibelen i tekst og bilder

SELINA HASTINGS

Bibelen i tekst og bilder er tilrettelagt for personar med demens. I storskrift er tekstane fortalt på enkelt vis og 101 kunstverk frå Nasjonalmuseet illustrerer tekstane.

Bileta er nøye utvalde og viser eit snev av humor når Jesus vasker føttene til disiplene er illustrert med Aage Storstein sitt maleri Storrengjøring.

Så gjerne eg skulle hatt boka den tid eg leita etter tekstar å lesa for mi Alzheimersjuke mor, ho kunne faktisk lese den sjølv. Ei perfekt bok enten du søker gode tekstar eller vakker kunst.

Boka vil garantert appellera til alle i heimar og institusjonar med personar med demenssjukdom.



Bare vent. Babybobla illustrert.

HANNE SIGBJØRNSEN

Korleis er det å få barn? I vanleg Tegnehanne-stil får me gjennom humoristiske vendingar og illustrasjonar presentert kritikk og sjølvironi om tema. Her har ho laga ei dagbok frå då ho og samboaren bestemte seg for å få barn til dei kunne halda han i armane sine.

Dei som sjølv har fått barn vil nok sjå mykje å kjenna seg igjen i, og dei som ikkje har fått det kan enten få bekrefta grunnar til å ikkje få det, eller bli litt betre førebudd på kva som ventar dei.

Den humoristiske og sjølvironiske tonen om å ha og få barn kan ein kjenna igjen frå teikneserien «Intet nytt fra hjemmefronten» av Therese Eide eller diktboka «Barsel» av Kristin Storrussen.

FORMIDLA AV TILSETTE VED FOLKEBIBLIOTEK I VESTLAND

LINDA STRAND
ASKVOLL BIBLIOTEK

HILDEBJØRG GYSLAND
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

JOANNA PACULA
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

THERESE PEDERSEN
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

INE LAVIK SUNDE
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

HANNE RØMSING SÆVERÅS
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

CHRISTINE THORVALDSEN
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

ROBIN VAN DE WALLE
BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK

GJERTRUD FLUDAL
ETNE BIBLIOTEK

YLVA ALTIN SELJENES
KINN BIBLIOTEK

MERETHE GAUDEN
SAMNANGER BIBLIOTEK

KARI FAUSKANGER
ØYGARDEN BIBLIOTEK
PENSJONIST

ANNE HAUGEN PIHL
VESTLAND FYLKESKOMMUNE,
SEKSJON FOR BIBLIOTEKUTVIKLING

HELGE SKURTVEIT
VESTLAND FYLKESKOMMUNE,
SEKSJON FOR BIBLIOTEKUTVIKLING



FORMIDLINGSKOMPETANSE
I FOLKEBIBLIOTEK